

BAKSIO

	SOLA	MÅNEN	FLO	FIÆRE
TYS DAG 30. AUGUST	06.26/20.50	08.44/20.23	00.23/12.44	06.28/18.38
ONSDAG 31. AUGUST	06.29/20.47	10.23/20.34	00.56/13.27	07.08/19.18

Tips oss på tlf. 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20. E-post: redaksjonen@strilen.no • www.strilen.no

GODT SAGT:

Heller einsam enn i dårleg selskap.

FRANSK ORDSPRÅK

NAMNEDAG

Tysdag 30. august:
Benjamin, Ben
Onsdag 31. august:
Berta, Berte

VËR OG VIND

Tysdag: Nordvest frisk bris på kysten, av og til liten kuling. Regnbyer.
Onsdag: Skiftande bris, på kysten nordleg bris. For det meste fint ver. Omtrent uendra temperatur.

STINA I STØÆ:

Eg ser Radøy må betala for egne born som går i barnehagar i andre kommunar. – Er det det som vert kalla barnebidrag..?



Potesong og humor i kyrkja



RUTINERTE: At Heimalanne er ein gjeng musikarar med lang fartstid var slett ikkje vanskeleg å høyra.



GODT OPPMØTE: Bandet er populære i distriktet og, som vanleg, møtte mange opp til konserten.

Med ei spøkefull mine erobra Heimalanne søndag ei stemningsfull Emigrantkyrkje på utvandringssenteret på Sletta.

Av Frode Ones

– Mange trur «Mellom ull og dongeri» handlar om korleis eg traff kona mi, men det er berre tull. Noko mange av tekstane mine forøvrig er, fortel vokalist og frontfigur Arne Bøe før bandet går laus på potesongen «Kers Pink».

Med Bøe vitsande i spissen, leverte Heimalanne ein svært

solid konsert. I ei nesten full kyrkje på Sletta sette mange tydeleg pris på dei humorfylde låtane frå repertoaret.

Latteren sit laust blant fram-møtte når Bøe forklarar låtane. Etter ein lengre diskusjon om kva potetype som er best, til dømes til potetstappe, kan publikum slå fast at dei er vitne til nok ein koseleg og flott konsert av det drevne bandet.

PONDUS



NOROM BRUNÆ

Kva er din favoritt hobby?



Henrik Kleveland:
– Å spela data og tuba.



Torill Risnes:
Nei, det er nok strikking!



Olaf Werts:
– Er ikkje heilt sikker, men trur det må verta fotball.



Mathilde Fykse:
– Eg må tenkja litt, men kanskje å lesa bøker!

Strilen
Vakttelefon
97 15 10 20